

Klima- og miljøkrav – Espevær kai

1 Føremål og omfang

Dette kapittelet fastset minstekrav til klima- og miljøarbeid ved rehabilitering av Espevær kai.

Kravet er utforma for å treffe dei viktigaste miljøpåverknadene i anskaffinga.

2 Organisering, styring og oppfølging

2.1 Miljøansvarleg

Leverandøren skal peike ut ein miljøansvarleg, sentralt plassert i eigen organisasjon og tett knytt til oppdrags-/prosjektleiar.

2.2 Ansvarsmatrise

Leverandøren skal utarbeide ei ansvarsmatrise som knyter saman miljøkrav/delmål med ansvar og tid, og halde ho oppdatert.

2.3 Oppfølging og rapportering

- Status for arbeid med miljøkrava skal rapporterast som del av ordinær kontraktsrapportering og vere fast tema i oppfølgingsmøte.
- Leverandøren skal registrere avvik og uønskte hendingar innan ytre miljø. Registrering og rapportering skal som minimum omfatte:
 - registrerte klagar (støy, støv, trafikk o.l.)
 - hendingar med akutte utslepp av kjemikaliar, olje, drivstoff o.l.
 - avvik knytt til miljøsanering og/eller avfallshandtering
 - Konsekvensar av avvik frå miljøkrava skal leggjast fram saman med korrigerande tiltak.

3 Transport

3.1 Utsleppsfri transport for køyretøy ≤ 3,5 tonn (samla for kontraktsperioden)

- Alle køyretøy ≤ 3,5 tonn som nyttast til transport av personell eller materialar skal vere utsleppsfrie.

3.2 Køyretøy > 3,5 tonn

- Lastebilar og andre køyretøy over 3,5 tonn skal minimum oppfylle Euro 6.

4 Maskinar og utstyr

4.1 Utsleppskrav til anleggsmaskiner

- Alle anleggsmaskiner med motoreffekt over 19 kW skal minimum oppfylle utsleppskrav Steg V.
- Kravet skal dokumenterast med maskinliste.

5 Arbeid nær sjø – vern mot forureining

- Leverandøren skal planleggje og gjennomføre arbeid slik at risiko for utslepp/forureining av sjø blir minimert.
- Leverandøren skal ha eigna utstyr og rutinar for å handtere akutte utslepp (kjemikaliar, olje, drivstoff), og slike hendingar skal registrerast som avvik og rapporterast.
- TE skal levere ein beredskapsplan med tiltak for å redusere konsekvensar ved eventuelle uhell.
- Lagerplass og plassering av tankar skal ikkje utgjere ein risiko for nærliggande forureining til sjø. Lagring av olje, drivstoff og kjemikaliar skal vere merka og sikra mot lekkasje ved at det byggast inn ein sikkerheit som tar hand om 100% av lagervolumet lekkasje.
- Det skal være oljeabsorberande middel i alle anleggsmaskiner og tunge kjøretøy. Det skal vere oljelenser til oppsamling av forureining til sjø ved arbeidsstedet.
- Maskinar og utstyr skal være i god stand og rene når dei kjem til anleggsplassen.
- Vedlikehald av maskinar skal skje slik at alt søl frå kjemikaliar, drivstoff og olje samlast opp og handterast etter avfallsforskrifta.
- TE skal etablere rutinar for dagleg kontroll av siltskjørt. Dokumenterast med bilete.

6 Material og produkt

6.1 Trevirke

- Tømmer og treprodukt som blir nytta i oppdraget skal komme frå sertifisert berekraftig skogbruk, dokumentert med FSC eller PEFC.
- Tropisk trevirke skal ikkje nyttast.

6.2 Helse- og miljøfarlege stoff (kjemikaliar og produkt)

- Leverandøren skal etablere og halde ved like stoffkartotek.
- Produkt skal ha tryggleiksdatablad på norsk og kunne leggast fram på førespurnad.
- Produkt og materialar som inneheld stoff på EU si kandidatliste (REACH) eller den norske prioritetslista skal ikkje nyttast. Dersom det ikkje finst eigna alternativ, skal det dokumenterast gjennom ei substitusjonsvurdering.
- Material impregnert med tungmetall eller arsenhaldige antiråtemiddel skal ikkje nyttast.

7 Avfall, ryddigheit og ombruk

7.1 Orden og ryddigheit

- Arbeidsområdet skal haldast ryddig, og avfall skal sorterast og handterast fortløpande.
- Plastprodukt og plastavfall skal oppbevarast slik at det ikkje er fare for spreining. Plast på avvege skal ikkje førekome.
- Riving av eksisterande konstruksjonar skal gjerast på ein måte som ikkje fører til avfall på avvege eller spreining av forureining/avfall til sjø.

7.2 Kjeldesortering og sorteringsgrad

- Avfall som oppstår skal kjeldesorterast og leverast til godkjend mottak/ombruk/gjenvinning.
- Avfallet skal som minimum sorterast i relevante fraksjonar, til dømes: farleg avfall, EE-avfall, betong/tegl, trevirke (behandla/ubehandla), metall, glas, plast, papp.
- Sorteringsgrad på produksjonsavfall skal vere over 90 %.
- Sorteringsgrad skal dokumenterast med avfallsrekneskap og rapportar/statistikk frå mottak.

Namn på dokument
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 2 av 3

7.3 Ombruk

- TE skal gjennomføre ombrukstiltak som definert i *Vedlegg 1.06 Espevær kai – beskrivelse*.
- Alle materialar som skal ombrukast skal demonterast skånsamt og mellomlagrast slik at dei ikkje blir skada under arbeida.

8 EPD og krav til CO2-fotavtrykk

- Plasstøpt betong og prefabrikkerte betongelement skal utførast i Lavkarbon 30, jf. Siste utgåve av Norsk betongforening publikasjon nr. 37. Dokumenterast med gyldig EPD iht. ISO14025 og EN15804.
- Slakkarmering skal ha maksimalt klimagassutslepp på 0,5 kg CO2-e/kg armeringsstål (A1-A3, jf. EN15804). Dokumenterast med gyldig EPD iht. ISO14025 og EN15804.
- Stålrørspeler skal ha maksimalt klimagassutslepp på 1,1 kg CO2-e/kg stål (A1-A3, jf. EN15804). Dokumenterast med gyldig EPD iht. ISO14025 og EN15804.

9 Lys

Dersom leverandøren etablerer mellombels arbeidslys på kai, skal dette planleggjast for å unngå lysforureining og sløkkast når arbeid ikkje er i gang, med unntak for naudsynt tryggleiksllys.